SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

**Nærings- og kulturavdelinga**

**Sakshandsamar:**
Egil Henning Ytrøy
E-post: Egil.Henning.Ytroy@sfj.no
Tlf.: 40204384

**Vår ref.**
Sak nr.: 17/35-52
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Dykkar ref.**

**Dato**
LEIKANGER, 16.02.2018

Vik kommune
Postboks 134

6891 VIK I SOGN

## Svar - Breibandutbygging i Arnafjord - søknad om tilleggsløyving

Vi syner til brev av 13.12.2017 der Vik kommune søkjer om tilleggsløyving til breibandprosjekt i Arnafjord, eit delprosjekt under «Breibandløftet 2016».

Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev med dette tilsegn om ei tilleggsløyving på kr. 200 000 til prosjektet. Løyvinga kjem i tillegg til kr. 1 062 297 som er løyvd frå Nkom og fylkeskommunen til utbygging av breiband til Arnafjord i samband med «Breibandløftet 2016».

Ny samla tilskotssum til prosjektet (sum løyving frå Nkom og fylkeskommunen, inkludert tilleggsløyving) vert kr 1 262 297.

Tilleggsløyvinga er løyvd ut frå at prosjektet vart dyrare enn først berekna, som skildra i søknaden.

Utbetaling av tilleggsløyvinga vert gjort i samband med siste delutbetaling, etter at prosjektet er sluttført, sluttrapportert og revidert rekneskap er motteken.

Vik kommune har akseptert vilkåra for løyvinga i tildelingsbrevet datert 09.10.2016 i form av signert aksept, motteken hjå Sogn og Fjordane fylkeskommune 17.10.2016.

Løyvinga vert dekka med restmidlar breiband frå tidlegare år.

Med helsing

Endre Høgalmen
ass. fylkesdirektør for næring og kultur

Egil Henning Ytrøy
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

<u>Mottakar (ar)</u>
Vik kommune Postboks 134 6891 VIK I SOGN

<u>Kopi til:</u>
Adrian Husabø Bjørseth, NKA
Anne Silje Sylvarnes, NKA